

**KOMMUNESTYRET
MØTEPROTOKOLL**

Møtedato:	19.12.2019
Møtestad:	Fjell rådhus - Kultursalen
Møtetid:	kl 09:00 - 19:00

kl. 09.30 - Orientering om Sotra Sambandet ved prosjektleiar

kl. 13.00 - 14.00 - Julelunsj i kantina

Orienteringar:

Ordførar Tom Georg Indrevik – Møtereglar

Prosjektleiar Arve Rinde frå Statens vegvesen – Status OPS prosjekt Sotrasambandet

Medlemer som møtte	Parti/Organisasjon
Espen Cornell Jacobsen	Arbeiderpartiet (Ap)
Espen Stølsnes Harketstad	Arbeiderpartiet (Ap)
Geir Knarvik Fjeldstad	Arbeiderpartiet (Ap)
Marianne Sandahl Bjørøy	Arbeiderpartiet (Ap)
Mons Tore Nakken	Arbeiderpartiet (Ap)
Ruben Håvik	Arbeiderpartiet (Ap)
Einar Hadler Jakobsen	Folkeaksjonen Nei til mer Bompenger (FNB)
Leif Bjarne Fjellro	Folkeaksjonen Nei til mer Bompenger (FNB)
Odd Erik Lind	Folkeaksjonen Nei til mer Bompenger (FNB)
Per Reidar H. Wergeland Asheim	Folkeaksjonen Nei til mer Bompenger (FNB)
Anita Garlid Johannessen	Fremskrittspartiet (FrP)
Svein Berger Bjørge	Fremskrittspartiet (FrP)
Torgeir Benjamin Nyborg	Fremskrittspartiet (FrP)
Andreas Tjong Kallekleiv	Høgre (H)
Anne-Sissel Fjæreide	Høgre (H)
Ernst Morten Einarsen	Høgre (H)
Inge Kausland	Høgre (H)
Michael Sangolt	Høgre (H)
Nils Kåre Skoge	Høgre (H)
Silvia Haugland	Høgre (H)
Synne Nordøy	Høgre (H)
Tom Georg Indrevik	Høgre (H)
Atle Dåvøy	Kristelig folkeparti (KrF)
Helge Nilsen	Kristelig folkeparti (KrF)
Torill Selsvold Nyborg	Kristelig folkeparti (KrF)

Vidar Klepsvik	Kristelig folkeparti (KrF)
Bjørn Tore Hatletun	Miljøpartiet Dei Grøne (MDG)
Maria Thomassen	Miljøpartiet Dei Grøne (MDG)
Nils Bjarte Sæle	Raudt
Hege Misje	Sotralista (SL)
Jan Utkilen	Sotralista (SL)
Nina Glesnes	Sotralista (SL)
Anita Andrine Skjold Hellesø	Senterpartiet (Sp)
Hogne Hole	Senterpartiet (Sp)
Symphorien Pombe	Sosialistisk Venstreparti (SV)
Børge Haugetun	Venstre (V)

Medlemer med forfall	Parti/ Organisasjon	Varamedlemer som møtte	Parti/ Organisasjon
Linn Raaheim-Nordfonn	Ap	Sverre Sangolt	Ap
Åse Gunn Husebø	Ap	Egil Haaland	Ap
Svein Otto Jacobsen	FrP	Anders Algerøy Hjartøy	FrP
Robert Kaupang Sæle	H	Jon Inge Matre	H
Kjell Rune Garlid	SL	Svein Petter Bergh	SL
Nils Bjarne Tofterå	SL	Elna Nybakk	SL
Solveig Dale Rong	Sp	Vivian Steinsland	Sp
Sølvi Kobbeltvedt	Sp	May Britt Hevrøy	Sp
Eva Aarskog	SV	Mette Jacobsen	SV

Møteleiar	Tom Georg Indrevik
Møtesekretær	Grethe Bergsvik
Frå administrasjonen møtte	

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev difor ingen signatur.

SAKLISTE:

Sak nr.	Sakstittel
034/19	Godkjenning av innkalling, sakliste og møteprotokoll
035/19	Referatsaker og orienteringer
036/19	Tildeling av mellombels einerett for innsamling av hushaldsavfall til BIR Transport AS
037/19	Tildeling av einerett for drift av vatn og avlaupstenester til Fjellvar (seinare Øyvar) AS
038/19	Framlegg til forskrifter for vatn og avløp
039/19	Godkjenning av bygging av Spildepollen barnehage
040/19	Prioritering av spelemiddelordning for Øygarden kommune 2020
041/19	Eigedomsskattetakstvedtekter for Øygarden kommune
042/19	Val av barn og unge sin representant i kommunal plan og utbygging 2019-2023
043/19	Val av representantar til sakkunnig eigedomsskattenemnd for perioden 2019-2023
044/19	Val av representantar til sakkunnig klagenemnd for eigedomsskatt for perioden 2019-2023
045/19	Val av årsmøtorepresentantar og kandidatar til styreverv i Bergen og omland friluftsråd for perioden 2019-2023
046/19	Samansetjing av administrasjonsutvalet for perioden 2019-2023
047/19	Delegasjon av vigselsmynde ved kommunale vigslar 2019-2023
048/19	Interkommunalt samarbeid mot akutt forureining IUA Bergen region- vidareføring av samarbeid
049/19	Krisefullmakt
050/19	Interimstyre for Øygarden bustadutvikling - Status for arbeidet
051/19	Framlegg til budsjett for 2020 - Øygarden bustadutvikling KF
052/19	Betaling av kremasjonsavgift i Øygarden kommune frå 1.1.2020
053/19	Budsjett 2020 Gebyr og brukarbetaling
054/19	Budsjett 2020 - Økonomiplan 2020-2023
055/19	Interpellasjonar og spørsmål

034/19: Godkjenning av innkalling, sakliste og møteprotokoll

Innstilling til vedtak

Møteprotokollen frå sist møte vert godkjent slik han ligg føre. Det er ingen merknadar til innkalling og sakliste.

Behandling i Kommunestyret 19.12.2019:

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Det vart innført taletid i dette møtet som følgjer:

Vedtak i Kommunestyret 19.12.2019 - saksnr. 034/19

Møteprotokollen frå sist møte vert godkjent slik han ligg føre. Det er ingen merknadar til innkalling og sakliste.

035/19: Referatsaker og orienteringar

Innstilling til vedtak:

Referatsakene og eventuelle orienteringar vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

Behandling i Kommunestyret 19.12.2019:

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Det var to munnlege orienteringar i møtet:

Ordførar Tom Georg Indrevik orienterte om korleis han ønskjer at debattane i dei politiske møta skal gjennomførast. Kvar representant i kommunestyret representerer, i tillegg til partiet og grupperinga dei er valt inn for, også alle innbyggjarane i Øygarden kommune. Kommunestyret forvaltar kommunen sine inntekter og utøver makt på vegne av heile kommunen. Kommunelova legg opp til å fremje folkestyret, det skal vere eit representativt demokrati og aktiv innbyggjardeltaking. Det er viktig at kommunestyret utøver oppgåva si med verdighet og respekt, overfør innbyggjarar, tilsette og andre politikarar. I kommunestyret sine ny retningslinjer trekkjer han fram innhaldet i punkt 2 og 5.

Han ønskjer vidare at kommunestyreprerantar lever opp til regelverket dei sjølv har vedteke og inviterer til å byggje tillit til politikarar og bidra til positiv utvikling av samfunnet. Her peika ordføraren særleg til punkt 10 i reglementet. Kommunestyret sitt reglement er å finna på kommunen si heimeside.

Orientering om Sotrasambandet v/ **prosjektleder Arve Rinde** frå Statens vegvesen. Tema denne gongen var om framdrifta med anbudsutlysning av OPS-prosjektet. Han innleia kort om faktaforhold kring Sotrasambandet. Prosjektet i seg sjølv er ikkje så langt, men likevel svært omfattande med 9 km med 4-feltsveg, 14 km med gang- og sykkelveg, 38 mindre bruer og konstruksjonar, 598 m hengebru, 450 støytiltak og 600 grunnverv frå 600 grunneigarar. Arbeida med tunell og kabelbru for ny

høgspenteledning har vore i gong i ca 1 år og no startar riving av det eksisterande anlegget. Kunngjering om OPS kontrakten skjer mandag 23. desember og Statens vegvesen opplever stor interesse for prosjektet. Vinteren og våren vil vere kvalifikasjonsfase og ein tek sikte å informere om kva tre kvalifiserte leverandørar som vert valt ut i mai 2020. Deretter vil det vere konkurransefase til september 2021 og valg av leverandør i juli 2021. Til slutt var prosjektleiar Arve Rinde inne på utfordringar som ein vil oppleve i samband med trafikkavvikling i prosjektfasen.

Vedtak i Kommunestyret 19.12.2019 - saksnr. 035/19

Referatsaker og orienteringar vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

036/19: Tildeling av mellombels einerett for innsamling av hushaldsavfall til BIR Transport AS

Innstilling til vedtak:

1. Kommunestyret vedtek å tildele BIR Transport AS einerett for innhenting av hushaldsavfall fram til 01.10.2020.

Behandling i Formannskapet 18.12.2019:

Rådmannen si innstilling vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet 18.12.2019 - saksnr. 018/19

Kommunestyret vedtek å tildele BIR Transport AS einerett for innhenting av hushaldsavfall fram til 01.10.2020.

Behandling i Kommunestyret 19.12.2019:

Nytt punkt 2 Nils Bjarte Sæle Raudt

Øyvar skal kontinuerlig holde kontroll med at det selskapet som innhenter husholdningsavfalet at lovverket holdes innen AML, Kjøre og hviletid, vegtrafikkloven.

Elna Nybakk, SL er styrerepresentant for FjellVAR og ber kommunestyre erklære henne for ugild. Kommunestyret slutta seg til hennar vurdering og ho deltok ikkje i behandling av saka. Det var ikkje vararepresentant for henne.

Framlegg frå Rødt v/Nils Bjarte Sæle:

Øyvar skal kontinuerlig holde kontroll med at det selskapet som innhenter husholdningsavfalet overholder lovverket innen AML, jføre- og hviletid og regler i vegtrafikkloven.

R sitt framlegg fekk 5 stemmer og falt (MDG, SV og R).

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke. Punkt 2 vedteke mot 5 stemmer.

Desse hadde ordet i saka: Nils Bjarte Sæle R, Maria Thomassen MDG, Børge Haugetun V, Symphorien

Vedtak i Kommunestyret 19.12.2019 - saksnr. 036/19

Kommunestyret vedtek å tildele BIR Transport AS einerett for innhenting av hushaldsavfall fram til 01.10.2020.

037/19: Tildeling av einerett for drift av vatn og avlaupstenester til Fjellvar (seinare Øyvar) AS

Innstilling til vedtak:

1. Kommunestyret vedtek å tildele Fjellvar AS (seinare Øyvar AS) einerett for drift og vedlikehald av vatn og avlaupstenesta i kommunen frå 01.01.2020.

Behandling i Formannskapet 18.12.2019:

Rådmannen si innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet 18.12.2019 - saksnr. 017/19

Kommunestyret vedtek å tildele Fjellvar AS (seinare Øyvar AS) einerett for drift og vedlikehald av vatn og avlaupstenesta i kommunen frå 01.01.2020

Behandling i Kommunestyret 19.12.2019:

Representanten frå FRP kom til møtet i denne saka. I denne saka er det 44 representanter til stades i salen.

Elna Nybakk, SL er styrerepresentant for FjellVAR og ber kommunestyre erklere henne for ugild. Kommunestyret slutta seg til hennar vurdering og ho deltok ikkje i behandling av saka. Det var ikkje vararepresentant for henne.

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedteke.

Desse hadde ordet i saka: Andreas Kallekleiv (H),

Vedtak i Kommunestyret 19.12.2019 - saksnr. 037/19

1. Kommunestyret vedtek å tildele Fjellvar AS (seinare Øyvar AS) einerett for drift og vedlikehald av vatn og avlaupstenesta i kommunen frå 01.01.2020.

038/19: Framlegg til forskrifter for vatn og avløp

Innstilling til vedtak:

Formannskapet tilrår at Kommunestyret vedtek følgjande lokale forskrifter for Nye Øygarden kommune:

- *Forskrift om vass- og avløpsgebyr*
- *Forskrift om tømning av private avløpsanlegg*
- *Forskrift om gebyr for kontroll og tilsyn av avløpsleidningar og avløpsanlegg*
- *Forskrift om påslepp og utslepp av oljehaldig, feitthaldig og industrielt avløpsvatn*

Forskriftene skal kunngjerast i Norsk Lovtidend og tre i kraft frå 01.01.2020.

Behandling i Formannskapet 02.12.2019:

Desse tok ordet i saka:

Nils Kåre Skoge (H), Torill Selsvold Nyborg (KrF), Marianne Sandahl Bjorøy (Ap)

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet 02.12.2019 - saksnr. 010/19

Formannskapet tilrår at Kommunestyret vedtek følgjande lokale forskrifter for Nye Øygarden kommune:

- *Forskrift om vass- og avløpsgebyr*
- *Forskrift om tømning av private avløpsanlegg*
- *Forskrift om gebyr for kontroll og tilsyn av avløpsleidningar og avløpsanlegg*
- *Forskrift om påslepp og utslepp av oljehaldig, feitthaldig og industrielt avløpsvatn*

Forskriftene skal kunngjerast i Norsk Lovtidend og tre i kraft frå 01.01.2020.

Behandling i Kommunestyret 19.12.2019:

Som styrerepresentant i FjellVAR AS ber Elna Nybakk kommunestyret vurdere om ho er ugild i å behandla saka. Kommunestyret konkluderte med det er ho og ho deltok ikkje i behandlinga.

Rådmannen si innstilling vart samrøystes vedteke.

Desse hadde ordet i saka: Einar Hadler Jacobsen (FNB)

Vedtak i Kommunestyret 19.12.2019 - saksnr. 038/19

Kommunestyret vedtek følgjande lokale forskrifter for Nye Øygarden kommune:

Forskrift om vass- og avløpsgebyr

- *Forskrift om tømning av private avløpsanlegg*
- *Forskrift om gebyr for kontroll og tilsyn av avløpsleidningar og avløpsanlegg*
- *Forskrift om påslepp og utslepp av oljehaldig, feitthaldig og industrielt avløpsvatn*

Forskriftene skal kunngjerast i Norsk Lovtidend og tre i kraft frå 01.01.2020.

039/19: Godkjenning av bygging av Spildepollen barnehage

Innstilling til vedtak:

1. Øygarden kommunestyre godkjenner bygging av Spildepollen barnehage.
2. Øygarden kommunestyre godkjenner kostnadsramme for prosjektet på MNOK 41,8 inkl.

mva. Meirkostnaden for barnehagen samanlikna med investeringsbudsjett 2020-2021, MNOK 6,4, vert dekkja av ubrukte lånemidlar i prosjektet knytt til Spildepollen skule.

Behandling i Formannskapet 18.12.2019:

Rådmannen si innstilling vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet 18.12.2019 - saksnr. 016/19

1. Øygarden kommunestyre godkjenner bygging av Spildepollen barnehage.
2. Øygarden kommunestyre godkjenner kostnadsramme for prosjektet på MNOK 41,8 inkl. mva. Meirkostnaden for barnehagen samanlikna med investeringsbudsjett 2020-2021, MNOK 6,4, vert dekkja av ubrukte lånemidlar i prosjektet knytt til Spildepollen skule.

Behandling i Kommunestyret 19.12.2019:

Rådmannen vart samrøystes vedteken.

Desse hadde ordet i saka: Vidar Klepsvik (KRF), Einar Hadlar (FNB), Ruben Håvik (AP), Nils Kåre Skoge (H), Symphorien Pombe (SV) og Børge Haugetun (V).

Vedtak i Kommunestyret 19.12.2019 - saksnr. 039/19

1. Øygarden kommunestyre godkjenner bygging av Spildepollen barnehage.
2. Øygarden kommunestyre godkjenner kostnadsramme for prosjektet på MNOK 41,8 inkl. mva. Meirkostnaden for barnehagen samanlikna med investeringsbudsjett 2020-2021, MNOK 6,4, vert dekkja av ubrukte lånemidlar i prosjektet knytt til Spildepollen skule.

040/19: Prioritering av spelemiddelordning for Øygarden kommune 2020

Innstilling til vedtak:

Utval for tenester og levekår vedtek prioritering av spelemiddelsøknadene frå Øygarden kommune 2020 slik den ligg føre.

Behandling i Utval for tenester og levekår 04.12.2019:

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Utval for tenester og levekår 04.12.2019 - saksnr. 016/19

Utval for tenester og levekår tilrår kommunestyret å prioritere spelemiddelsøknadene frå Øygarden kommune 2020 slik dei ligg føre.

Behandling i Kommunestyret 19.12.2019:

Tilrådinga frå utval for tenester og levekår vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret 19.12.2019 - saksnr. 040/19

Kommunestyret vedtek prioritering av spelemiddelsøknadene frå Øygarden kommune 2020 slik den ligg føre.

041/19: Eigedomsskattetakstvedtekter for Øygarden kommune

Innstilling til vedtak:

Eigedomsskattetakstvedtekter for Øygarden kommune vert vedtekne slik dei ligg føre.

Behandling i Formannskapet 02.12.2019:

Desse tok ordet i saka:

Silvia Haugland (H)

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet 02.12.2019 - saksnr. 009/19

Eigedomsskattetakstvedtekter for Øygarden kommune vert vedtekne slik dei ligg føre.

Behandling i Kommunestyret 19.12.2019:

Rådmannen si innstilling vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret 19.12.2019 - saksnr. 041/19

Eigedomsskattetakstvedtekter for Øygarden kommune vert vedtekne slik dei ligg føre.

042/19: Val av barn og unge sin representant i kommunal plan og utbygging 2019-2023

Innstilling til vedtak:

1. Kommunestyret vel Berit Algerøy. som barn og unge sin representant i planlegginga etter plan- og bygningslova, for kommunestyreperioden 2019-2023.
2. Kommunestyret vel Anna Nesje Nes. som barn og unge sin vararepresentant i planlegginga etter plan- og bygningslova, for kommunestyreperioden 2019-2023.
3. Barne- og ungdomsrepresentanten, ev. vara, skal møte i utval for plan med talerett. Representanten og vara har møte- og talerett i alle dei folkevalte organa i kommunen.

Behandling i Kommunestyret 19.12.2019:

Ny formulering av siste setning i punkt 3. Marianne Sandahl Bjørøy Ap

Representanten eller vararepresentanten har møte- og talerett i utval der planar skal behandlast.

Framlegg om ny siste setning i punkt 3 frå AP v/Marianne Sandahl Bjorøy:
Representanten eller vararepresentanten har møte- og talerett i utval der planar skal behandlast.

Punkt 1 og 2 i kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedteke. Punkt 3 i kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedteke med framlegg frå Marianne Sandahl Bjorøy til endring av siste setning.

Desse hadde ordet i saka: Nils Kåre Skoge (H), Symphorien Pombe (SV), Marianne Sandahl Bjorøy (AP) og Jan Utkilen (SL).

Kommunedirektør Rune Lid svara på spørsmål.

Vedtak i Kommunestyret 19.12.2019 - saksnr. 042/19

1. Kommunestyret vel Berit Algerøy. som barn og unge sin representant i planlegginga etter plan- og bygningslova, for kommunestyreperioden 2019-2023.
2. Kommunestyret vel Anna Nesje Nes. som barn og unge sin vararepresentant i planlegginga etter plan- og bygningslova, for kommunestyreperioden 2019-2023.
3. Barne- og ungdomsrepresentanten, ev. vara, skal møte i utval for plan med talerett. Representanten eller vararepresentanten har møte- og talerett i utval der planar skal behandlast

043/19: Val av representantar til sakkunnig eigedomsskattenemnd for perioden 2019-2023

Innstilling til vedtak:

Til å føreta taksering av alle eigedomsskattepliktige eigedomar i kommunen i medhald av eigedomsskattelova (esktl.) § 8 A-1, jf. §§ 8 A-2 og 8 A-3 utnemner kommunestyret ei sakkunnig nemnd.

Kommunestyret vel desse tre faste medlemer der ein er leiar, ein er nestleiar, ein er medlem i tillegg til tre varamedlemer. for perioden 2019-2021:

Medlemer	Varamedlemer
1.	1.
2.	2.
3	3.
Leiar:	Nestleiar:

Behandling i Kommunestyret 19.12.2019:

Fellesforslag frå valnemnda Silvia Haugland H

Medlem:

- 1.Børge Haugetun - Leiar 1.vara: Erling Vik
- 2.Elna Nybakk 2.vara: Drude Herdlevær
- 3.Egil Håland 3.vara: Vivian Steinsland

Leiar i valnemnda Nils Kåre Skoge H, gjorde greie for bakgrunn for framlegg til kandidatar til alle tre

valsakene som vert behandla i dette møtet.
Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret 19.12.2019 - saksnr. 043/19

Til å føreta taksering av alle eigedomsskattepliktige eigedomar i kommunen i medhald av eigedomsskattelova (esktl.) § 8 A-1, jf. §§ 8 A-2 og 8 A-3 utnemner kommunestyret ei sakkunnig nemnd.

Kommunestyret vel desse tre faste medlemer der ein er leiar, ein er nestleiar, ein er medlem i tillegg til tre varamedlemer. for perioden 2019-2021:

Medlemer	Varamedlemer
1. Børge Haugetun	1. Erling Vik
2. Elna Nybakk	2. Drude Herdlevær
3. Egil Haaland	3. Vivian Steinsland
Leiar: Børge Haugetun	Nestleiar: Elna Nybakk

044/19: Val av representantar til sakkunnig klagenemnd for eigedomsskatt for perioden 2019-2023

Innstilling til vedtak:

Kommunestyret oppnemner ei klagenemnd til å handsama både klager over takstvedtak (overtakst) frå den sakkunnige nemnda, klager over eigedomsskattekontoret sine utskrivingsvedtak og klager over andre enkeltvedtak som gjeld eigedomsskatt, jf. esktl. §§ 19 og 20 for perioden 2019-2023.

Kommunestyret vel desse representantane med personlege varamedlemer, leiar og nestleiar til klagenemnda:

Medlemer	Varamedlemer
1.	
2.	
3.	
4.	
5.	
6.	
Leiar:	Nestleiar:

Behandling i Kommunestyret 19.12.2019:

Fellesforslag frå valnemnda Silvia Haugland H

Medlem:

1. Trygve Wåge - leiar 1.vara: Atle Dåvøy
2. Anne Sissel Fjæreide 2.vara: Odd Bjarne Skogestad
3. Geir Magne Bergtun - nestleiar 3.vara: Sølvi Anita Schei
4. Anne Hestnes 4.vara: Hilde Sandal
5. May Britt Hevrøy 5.vara: Kenneth Straume
6. Odd Erik Lind 6.vara: Bjørn Tore Hatlem

Fellesframlegget frå valnemnda vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret 19.12.2019 - saksnr. 044/19

Kommunestyret oppnemner ei klagenemnd til å handsama både klager over takstvedtak (overtakst) frå den sakkunnige nemnda, klager over eigedomsskattekontoret sine utskrivingsvedtak og klager over andre enkeltvedtak som gjeld eigedomsskatt, jf. esktl. §§ 19 og 20 for perioden 2019-2023.

Kommunestyret vel desse representantane med personlege varamedlemer, leiar og nestleiar til klagenemnda:

Medlemer	Varamedlemer
1. Trygve Wåge	Atle Dåvøy
2. Anne Sissel Fjæreide	Odd Bjarne Skogestad
3. Geir Magne Bergtun	Sølvi Anita Schei
4. Anne Hestnes	Hilde Sandal
5. May Britt Hevrøy	Kenneth Straume
6. Odd Erik Lind	Bjørn Tore Hatlem
Leiar: Trygve Wåge	Nestleiar: Geir Magne Bergtun

045/19: Val av årsmøtorepresentantar og kandidatar til styreverv i Bergen og omland friluftsråd for perioden 2019-2023

Innstilling til vedtak:

Øygarden kommunestyre vel følgjande representant til årsmøtet i Bergen og omland friluftsråd:

Representant:	Vararepresentant:

Øygarden kommunestyre har følgjande forslag til kandidat/ar til styret:

Behandling i Kommunestyret 19.12.2019:

Fellesforslag frå valnemnda Silvia Haugland H

Representant årsmøte: Tom Georg Indrevik

Vararepresentant årsmøte: Torill Selsvold Nyborg

Kandidat til styret 2019-2023: Nils Kåre Skoge

Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret 19.12.2019 - saksnr. 045/19

Øygarden kommunestyre vel følgjande representant til årsmøtet i Bergen og omland friluftsråd:

Representant:	Vararepresentant:
Tom Georg Indrevik	Torill Selsvold Nyborg

Øygarden kommunestyre har følgjande forslag til kandidat/ar til styret for 2019-2023: Nils Kåre Skoge

046/19: Samansetjing av administrasjonsutvalet for perioden 2019-2023

Innstilling til vedtak:

1. Kommunestyret opprettheld KS-vedtak 024/19 når det gjeld val av kommunale representantar, leiar og nestleiar.
2. Dei tilsette sine organisasjonar vert inviterte til å velja tre medlemar med varamedlemar for to år om gongen.

Behandling i Kommunestyret 19.12.2019:

Forslag til vedtak Silvia Haugland H

Administrasjonsutvalget vert utvida med 2 tillitsvalgte slik at alle dei 4 hovudsamanslutningane vert representert i adm.utv.

Administrasjonsutvalget vert og utvida med 2 politikarar.

Desse vert valgt som medlem i administrasjonsutvalget frå politisk nivå i tillegg til dei tidlegare valgte representantane.

Medlem:

Marianne Sandal Bjørøy. Vara: Eva Årskog

Børge Haugetun. Vara: Kristin Børve Jacobsen

Det vert og valgt ny vara for Espen Harkestad. Ny vara er: Nils Bjarte Sæle

Forslaget frå Silvia Haugland (H) vart samrøystes vedteke.

Desse hadde ordet i saka: Sylvia Haugland

Vedtak i Kommunestyret 19.12.2019 - saksnr. 046/19

1. Kommunestyret opprettheld KS-vedtak 024/19 når det gjeld val av kommunale representantar, leiar og nestleiar.
1. Dei tilsette sine organisasjonar vert inviterte til å velja tre medlemar med varamedlemar for to år om gongen.
2. Administrasjonsutvalget vert utvida med 2 tillitsvalgte slik at alle dei 4 hovudsamanslutningane vert representert i adm.utv.
Administrasjonsutvalget vert og utvida med 2 politikarar og følgjande vert valt som medlem i administrasjonsutvalget frå politisk nivå i tillegg til dei tidlegare valgte representantane:

Medlem:

Vara

Marianne Sandal Bjørøy Eva Årskog
Børge Haugetun Kristin Børve Jacobsen
Det vert og valgt ny vara for Espen Harketstad. Ny vara er: Nils Bjarte Sæle

Administrasjonsutvalet vil etter dette bestå av desse politisk valte medlemene:

Medlemer: 6	Varamedlemer:
1. Tom Georg Indrevik (H)	1. Silvia Haugland (H)
2. Torill Selsvold Nyborg (KrF)	2. Jan Utkilen (SL)
3. Espen Harketstad (Ap)	3. Nils Bjarte Sæle
4. Anita Skjold Hellesø (Sp)	4. Odd Erik Lind (FNB)
5. Marianne Sandahl Bjørøy (AP)	5. Eva Årskog
6. Børge Haugetun (V)	6. Kristin Børve Jacobsen
Leiar: Ordførar Tom Georg Indrevik	Nestleiar: Torill Selborg Nyborg
7. Tillitsvalt	7. Tillitsvalt
8. Tillitsvalt	8. Tillitsvalt
9. Tillitsvalt	9. Tillitsvalt
10. Tillitsvalt	10. Tillitsvalt

047/19: Delegasjon av vigselmynde ved kommunale vigslar 2019-2023

Innstilling til vedtak:

1. Kommunestyret gjev vigselmynde til følgjande politikarar og tilsette i kommunen i tråd med ekteskapslova § 12 b):
.....
.....
Anne-Merete Vabø Haugane (kommunalsjef oppvekst)
Christel Møvik Olsen (kulturleiar)
2. Vigselmyndet gjeld for kommunestyreperioden 2019-2023.
Utover desse utvalte har ordførar Tom Georg Indrevik og varaordførar Torill Selsvold Nyborg direkte vigselmynde etter ekteskapslova § 12 b).
3. Kommunestyret godkjenner følgjande gratis standardtilbod for kommunale vigslar, for eigne innbyggjarar og for personar som ikkje er busette i landet men som fyller vilkåra for å inngå ekteskap i Norge jf. forskrift om kommunale vigslar § 2:
 - ordførarkontoret på rådhuset vert brukt som seremonirom.
 - administrasjon og vigslar set av ein fredag i månaden mellom kl. 12-15 til seremoniar, og datoar blir annonsert på nettsida til kommunen.
 - førespurnader frå andre enn nemnt i forskrifta § 2, eller andre ynskjer om tid og stad

for seremonien, må avklarast med vigslar og eventuelle ekstrakostnader må dekkast av brudeparet.

Behandling i Kommunestyret 19.12.2019:

Tilleggsforslag Silvia Haugland H

Kommunestyret ynskjer å utvida ordninga til og å gjelde lørdagar. Dei politiske representantane som hadde viselmynde i dei tre gamle kommunane vert ført opp på lista over personar som skal ha vigselmynde i tillegg til dei namna som framgår av saka. Det skal setjast opp vaktplan med kven som vigslar når, og kva datoar som er open for vigsel. Dette vil ikkje få økonomiske konsekvensar då administrasjonen ikkje treng vera tilstade.

Namn på vislarar Silvia Haugland H

Namn som skal inn i liste under punkt 1 i innstillinga

Marianne Sandal Bjørøy

Espen Stølsnes Harkestad

Nils Kåre Skoge

Børge Haugetun

Desse namna kjem i tillegg til namna nemnd i saka.

Forslaga frå Silvia Haugland (H) vart samrøystes vedtekne.

Desse hadde ordet i saka: Silvia Haugland

Vedtak i Kommunestyret 19.12.2019 - saksnr. 047/19

Kommunestyret gjev vigselmynde til følgjande politikarar og tilsette i kommunen i tråd med ekteskapslova § 12 b):

Marianne Sandal Bjørøy

Espen Stølsnes Harkestad

Nils Kåre Skoge

Børge Haugetun

Anne-Merete Vabø Haugane (kommunalsjef oppvekst)

Christel Møvik Olsen (kulturleiar)

Vigselmyndet gjeld for kommunestyreperioden 2019-2023.

Utover desse utvalte har ordførar Tom Georg Indrevik og varaordførar Torill Selsvold Nyborg direkte vigselmynde etter ekteskapslova § 12 b).

Kommunestyret godkjenner følgjande gratis standardtilbod for kommunale vigslar, for eigne innbyggjarar og for personar som ikkje er busette i landet men som fyller vilkåra for å inngå ekteskap i Norge jf. forskrift om kommunale vigslar § 2:

- ordførarkontoret på rådhuset vert brukt som seremonirom.
- administrasjon og vigslar set av ein fredag i månaden mellom kl. 12-15 til seremoniar, og datoar blir annonsert på nettsida til kommunen.
- førespurnader frå andre enn nemnt i forskrifta § 2, eller andre ynskjer om tid og stad for seremonien, må avklarast med vigslar og eventuelle ekstrakostnader må dekkast av brudeparet.

Kommunestyret ynskjer å utvida ordninga til og å gjelde lørdagar. Dei politiske representantane som hadde viselmynde i dei tre gamle kommunane vert ført opp på lista over personar som skal ha vigselmynde i tillegg til dei namna som framgår av saka. Det

skal setjast opp vaktplan med kven som vigslar når, og kva datoar som er open for vigsel. Dette vil ikkje få økonomiske konsekvensar då administrasjonen ikkje treng vera tilstade.

048/19: Interkommunalt samarbeid mot akutt forureining IUA Bergen region-vidareføring av samarbeid

Innstilling til vedtak:

Øygarden kommune gir si tilslutning til at kommunane Lindås, Meland, Radøy, Fjell, Sund, Øygarden, Fusa, Os, Granvin og Voss trer ut av IUA Bergen region pr. 31. desember 2019 med grunngeving i kommunesamanslåinga. Samstundes gir nye Øygarden kommune si tilslutning til at dei nye kommunane Alver, Øygarden, Bjørnafjorden og Voss vert deltakarkommunar i IUA Bergen region frå 1. januar 2020, og at desse kommunane tek over rettar og plikter frå sine respektive samanslåtte kommunar.

Behandling i Kommunestyret 19.12.2019:

Rådmannen si innstilling vart samrøystes vedteke.

Desse som hadde ordet i saka: Børge Haugetun (V) og Einar Hadler Jacobsen (FNB).

Spørsmål frå Einar Hadler Jacobsen (FNB): Kva er kostnadene med dette samarbeidet .

Kommunedirektør Rune Lid vil svare på dette spørsmålet i seinare møte.

Vedtak i Kommunestyret 19.12.2019 - saksnr. 048/19

Øygarden kommune gir si tilslutning til at kommunane Lindås, Meland, Radøy, Fjell, Sund, Øygarden, Fusa, Os, Granvin og Voss trer ut av IUA Bergen region pr. 31. desember 2019 med grunngeving i kommunesamanslåinga. Samstundes gir nye Øygarden kommune si tilslutning til at dei nye kommunane Alver, Øygarden, Bjørnafjorden og Voss vert deltakarkommunar i IUA Bergen region frå 1. januar 2020, og at desse kommunane tek over rettar og plikter frå sine respektive samanslåtte kommunar.

049/19: Krisefullmakt

Innstilling til vedtak:

Kommunestyret gjev kommunal kriseleiar alle fullmakter til raskt å setje i verk relevante skadereduserande tiltak i ein krisesituasjon, eller når krise truar.

Øygarden kommune har som mål at så snart det er forsvarleg skal ansvaret overførast til normal drift, om mulig innan 72 timar

Behandling i Kommunestyret 19.12.2019:

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedteke.
Desse hadde ordet i saka: Børge Hauge (V) og Jan Utkilen (SL)
Kommunedirektør Rune Lid og ordførar Tom Georg Indrevik orienterte og svara på spørsmål.

Vedtak i Kommunestyret 19.12.2019 - saksnr. 049/19

Kommunestyret gjev kommunal kriseleiar alle fullmakter til raskt å setje i verk relevante skadereduserande tiltak i ein krisesituasjon, eller når krise truar.

Øygarden kommune har som mål at så snart det er forsvarleg skal ansvaret overførast til normal drift, om mulig innan 72 timar.

050/19: Interimstyre for Øygarden bustadutvikling - Status for arbeidet

Interimstyret for Øygarden bustadutvikling KF gjev slik innstilling:

1. Kommunestyret tek status i interimsturet sitt arbeid til orientering, jamfør saksutgreiinga.
2. Kommunestyret vedtek at interimstyret fullfører sitt arbeid, sjølv om dette skulle gå inn i 2020, før nyvalt styre overtar. Føretaket må vera formelt etablert og godkjent og klart til overlevering til det nyvalte styret.
3. Kommunestyret legg til grunn at Sund Eigedomsutvikling KF vert drifta heilt fram til

Øygarden Bustadutvikling KF er godkjent, etablert og overlevert til nytt styre.
4. Kommunestyret legg til grunn at forvaltninga av bustadmassen og leigetilhøva i Fjell kommune og gamle Øygarden vert ivareteke av nye Øygarden kommune fram til Øygarden Bustadutvikling KF er godkjent, etablert og overlevert til nytt styre.
5. Kommunestyret ber kommunedirektøren starta arbeidet med å laga ein ny bustadsosial handlingsplan for den nye kommunen så snart det let seg gjera. Denne planen gjev m.a. grunnlaget for føretaket sitt arbeid og prioriteringar og er såleis kommunestyret sitt viktigaste bustadsosiale planverktøy for å få gjennomført bustad-sosiale mål.

Behandling i Kommunestyret 19.12.2019:

Representanten Nina Glesnes SL er ny dagleg leiar i Øygarden bustadutvikling og har vore involvert i førebuande arbeid, det same gjeld for neste sak 51, og ho ber kommunestyret vurdere om ho er ugild i å behandla saka. Kommunestyret vurdere henne som ugild og ho deltek ikkje i behaldinga. Kommunestyret vurderer også om følgjande medlemmer i interimstyret Nils Kåre Skoge, Silvia Haugland, Egil Håland og Torill Selsvold Nyborg er ugilde i å behandla saka og konkluderte med at medlemene er gilde og kan delta i behandlinga av denne saka.

Leiar i interimstyret, Kari-Anne Landro orienterte om arbeidet med etablering av Øygarden bustadutvikling og status for arbeidet.

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedteke.

Desse hadde ordet i saka: Syphorien Pombe

Vedtak i Kommunestyret 19.12.2019 - saksnr. 050/19

1. Kommunestyret tek status i interimstyret sitt arbeid til orientering, jamfør

- saksutgreiinga.
2. Kommunestyret vedtek at interimstyret fullfører sitt arbeid, sjølv om dette skulle gå inn i 2020, før nyvalt styre overtar. Føretaket må vera formelt etablert og godkjent og klart til overlevering til det nyvalte styret.
 3. Kommunestyret legg til grunn at Sund Eigedomsutvikling KF vert drifta heilt fram til Øygarden Bustadutvikling KF er godkjent, etablert og overlevert til nytt styre.
 4. Kommunestyret legg til grunn at forvaltninga av bustadmassen og leigetilhøva i Fjell kommune og gamle Øygarden vert ivareteke av nye Øygarden kommune fram til Øygarden Bustadutvikling KF er godkjent, etablert og overlevert til nytt styre.
 5. Kommunestyret ber kommunedirektøren starta arbeidet med å laga ein ny bustadsosial handlingsplan for den nye kommunen så snart det let seg gjera. Denne planen gjev m.a. grunnlaget for føretaket sitt arbeid og prioriteringar og er såleis kommunestyret sitt viktigaste bustadsosiale planverktøy for å få gjennomført bustadsosiale mål.

051/19: Framlegg til budsjett for 2020 - Øygarden bustadutvikling KF

Innstilling til vedtak:

1. Kommunestyret godkjenner framlegg til budsjett for 2020 for Øygarden Bustadutvikling KF med ei balansert inntekts- og utgiftramme på kr. 32 542 565.
2. Budsjettframlegget har manglande leigeinntekter med kr 2 216 089. Desse vert dekkja inn med overføring frå eigen kommune.
3. Dei økonomiske konsekvensane vert å koma attende til i samband med revisjon av budsjettet 2020.

Behandling i Kommunestyret 19.12.2019:

I utgangspunkt er ikkje styremedlemene ugilde i behandling av eit samla budsjett, men for å vere på den sikre sida så sluttar kommunestyret seg til framlegg frå ordførar om at følgjande styremedlemer i interimstyret ikkje er med å behandla saka: Nils Kåre Skoge, Egil Haaland, Torill Selsvold Nyborg og Silvia Haugland.

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøysted vedteke.

Vedtak i Kommunestyret 19.12.2019 - saksnr. 051/19

1. Kommunestyret godkjenner framlegg til budsjett for 2020 for Øygarden Bustadutvikling KF med ei balansert inntekts- og utgiftramme på kr. 32 542 565.
2. Budsjettframlegget har manglande leigeinntekter med kr 2 216 089. Desse vert dekkja inn med overføring frå eigen kommune.
3. Dei økonomiske konsekvensane vert å koma attende til i samband med revisjon av budsjettet 2020

052/19: Betaling av kremasjonsavgift i Øygarden kommune frå 1.1.2020

Innstilling til vedtak:

Øygarden kommunestyre vedtek å betala kremasjonsavgifta for avdøde som vert kremert i samsvar

med tilrådinga frå Øygarden kyrkjelege fellesnemnd.

Til grunn for dette ligg eit ønskje om auka bruk av urnegraver på gravplassane i Øygarden kommune.

Dei økonomiske konsekvensane vert å koma attende til i samband med revisjon av budsjett 2020

Behandling i Kommunestyret 19.12.2019:

Kommunedirektøren si innstilling vart **samrøystes** vedteken.

På spørsmål frå ordførar om rekninga går direkte til kommunene eller om dette går til pårørande som igjen må krevje refusjon frå kommunen svara kommunalsjef økonomi Anne Erdal:
Kommunen vil leggje vekt på å gjere denne ordninga brukarvenleg og rekninga skal difor gå direkte til kommunen.

Vedtak i Kommunestyret 19.12.2019 - saksnr. 052/19

Innstilling til vedtak:

Øygarden kommunestyre vedtek å betala kremasjonsavgifta for avdøde som vert kremert i samsvar med tilrådinga frå Øygarden kyrkjelege fellesnemnd.

Til grunn for dette ligg eit ønskje om auka bruk av urnegraver på gravplassane i Øygarden kommune.

Dei økonomiske konsekvensane vert å koma attende til i samband med revisjon av budsjett 2020.

053/19: Budsjett 2020 Gebyr og brukarbetaling

Innstilling til vedtak:

Øygarden kommunestyre vedtek framlegg til gebyr og brukarbetalingar for 2020 slik det går fram av saksutgreiinga og gebyrheftet som er vedlagt saka.

Behandling i Formannskapet 02.12.2019:

Nytt tillegspunkt i saka frå H, SL, V, FRP og KRF Silvia Haugland H

Ber om sak til valnemnda om oppretting av nytt gebyr-utval for perioden 2019 - 2023

Forslaget vart samrøystes vedteke.

Nytt tillegspunkt i saka frå H, SL, V, FRP og KRF Silvia Haugland H

Ber om at sak om samordning/harmonisering av barnehage og SFO satsar til kommunestyremøtet 20 februar med verknad av nye satsar frå 01.08.2020.

Forslaget vart samrøystes vedteke.

Desse tok ordet i saka:

Silvia Haugland (H), Nils Kåre Skoge (H), Marianne Sandahl Bjørøy (Ap), Hogne Hole (Sp), Toril Selsvold Nyborg (KrF), Maria Thomassen (MDG)

Innstillinga vart samrøystes tilrådd.

Vedtak i Formannskapet 02.12.2019 - saksnr. 011/19

Formannskapet ber om sak til valnemnda om oppretting av nytt gebyr-utval for perioden 2019 - 2023.

Formannskapet ber om sak om samordning/harmonisering av barnehage og SFO satsar til kommunestyremøtet 20 februar med verknad av nye satsar frå 01.08.2020.

Formannskapet har slik tilråding til kommunestyret:

Øygarden kommunestyre vedtek framlegg til gebyr og brukarbetalingar for 2020 slik det går fram av saksutgreiinga og gebyrheftet som er vedlagt saka.

Behandling i Utval for tenester og levekår 04.12.2019:

Forslag frå FMB og SV Eva Aarskog SV

Gebyr for offentlig bading vert sameina til ein pris. Kr. 30 for born og kr. 50 for vaksne.

Tilleggsframlegget frå FMB og SV v/Eva Aarskog vert lagt med som merknad til budsjett høyringa.

Utval for teneste og levekår ønskjer å få utgreidd følgjande spørsmål:

- korleis skal kostnader ifm graver forståast, ønskjer detaljar kring desse gebyra i kommunestyret.
- korleis verkar ordninga for fysioterapi, korleis prioriterer kommunen kva fysioterapeutar som får driftsavtale med kommunen og korleis vert dette finansiert.

Vedtak i Utval for tenester og levekår 04.12.2019 - saksnr. 017/19

Utval for teneste og levekår tek framlegg til gebyr og brukarbetalingar for 2020 slik det går fram av saksutgreiinga og gebyrheftet vedlagt saka, til orientering.

Behandling i Utval for samfunnsutvikling 04.12.2019:

Saka vart drøfta og kommunalsjef Råmund Skjold orienterte kort om gebyr og brukarbetalingar, kor omgrepet 'sjølvkost' særskilt vart trekt fram.

Framlegg frå leiar:

Utval for samfunnsutvikling tek saka til orientering.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Utval for samfunnsutvikling 04.12.2019 - saksnr. 004/19

Utval for samfunnsutvikling tek saka til orientering.

Behandling i Utval for plan 05.12.2019:

Innstilling vart samrøystes teken til orientering.

Vedtak i Utval for plan 05.12.2019 - saksnr. 004/19

Utval for plan tek framlegg til gebyr og brukarbetalingar for 2020 slik det går fram av saksutgreiinga og gebyrheftet vedlagt saka til orientering.

Behandling i Administrasjonsutvalet 10.12.2019:

Fem medlemmer behandla saka. Forfall: Torill Selsvold Nyborg KrF.
Ordføreren orienterte kort om saka. Saka vart drøfta.
Administrasjonsutvalet tok saka til orientering.

Vedtak i Administrasjonsutvalet 10.12.2019 - saksnr. 003/19

Administrasjonsutvalet tok saka til orientering.

Behandling i Formannskapet 18.12.2019:

Avgifter Einar Hadler Jakobsen FNB

4% reduksjon av alle avgifter i forhold til gebyr regulativ
Fnb øygaard
E jacobsen

Alle avgifter i forhold til gebyr-regulativ vert redusert med 10% . MDG v/Maria Thommassen

Framlegget frå MDG fekk 1 røyst og falt. (MDG)
Framlegg frå FNB fekk 3 røyster og falt: (FNB, MDG og SP)
Rådmannen si innstilling vart vedtatt med 8 røyster (H, AP, FrP, KrF, SP)

Vedtak i Formannskapet 18.12.2019 - saksnr. 019/19

Øygarden kommunestyre vedtek framlegg til gebyr og brukarbetalingar for 2020 slik det går fram av saksutgreiinga og gebyrheftet som er vedlagt saka.

Behandling i Kommunestyret 19.12.2019:

Gebyr regulativ og 11.2 Gravplass Per Reidar H. Wergeland Asheim FNB

I gebyr og brukarbetaling er det under pk 11.2 gebyrer for gravplass. Slik dette står skaper det misforståelser for det er ikke presisert at dette gjelder ETTER fredningstiden.
Foreslår at det i gebyrregulativet under pkt 11.2 presiseres at dette er gebyr som gjelder pr. år, etter at fredningstid for gravplass er utgått.

Gebyr regulativ Fysioterapi 8.3 Per Reidar H. Wergeland Asheim FNB

Gebyr regulativ Fysioterapi 8.3

